

**24**/2010

NOTAT

Stig Helset

# **OM KUNNSKAPSGRUNNLAGET FOR TEORIAR OM GRAMMATISKE REGLAR**



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

<b>Forfattar</b>	Stig Helset
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

*Vitskapsteoretisk essay, Vestnorsk nettverk, Forskarutdanninga.*

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

# **Innhald**

1.	Innleiing.....	4
2.	Poppers krav til vitskaplege teoriar.....	5
3.	Ulike språksyn .....	7
3.1	Eit ikkje-mentalistisk språksyn .....	8
3.1.1	Metodologiske konsekvensar av eit ikkje-mentalistisk språksyn.....	10
3.2	Eit mentalistisk språksyn.....	12
3.2.1	Metodologiske konsekvensar av eit mentalistisk språksyn.....	14
4.	Konklusjon .....	16
	Litteraturliste .....	18

# 1. Innleiing

I eit føredrag ved Cambridge sommaren 1953 sette Karl Popper (1981) fram nokre få, men eksakte krav til ein vitskapleg teori – krav som seinare har blitt mykje drøfta både innanfor den strengt vitskapsteoretiske diskursen og innanfor ulike fagvitskaplege tradisjonar. Krava som Popper sette fram, er etter vårt syn førebiletlege på den måten at dei tek omsyn til det vitskapsteoretiske viktige faktum at ein aldri kan oppnå absolutt sikker kunnskap. Det er eit så viktig poeng at ein kvar forskar, uansett fagvitskapleg disiplin, alltid bør ha det i mente.

Samstundes hevdar Thomas Kuhn (1970) at den faktiske vitskaplege utviklinga har følgt heilt andre prinsipp opp gjennom historia enn det normative idealet som Popper sette opp. Dersom han har rett i det, er det klart at ein også kan ha vitskapleg framsteg utan å følgje krava til Popper. Som bakgrunnsteppe for hovuddelen i dette essayet, vil vi i kapittel 2 kort klargjere og drøfte desse motstridande vitskapsteoretiske ståstadene.

Det som iallfall er klart, er at nokre faglege disiplinar lettare kan tilnærme seg krava til Popper enn andre. Som vi skal sjå, står den hypotetisk-deduktive metoden og falsifikasjonsprinippet heilt sentralt hjå Popper. Det er sjølvsagt enklare å nytte denne metoden og dette prinsippet innanfor naturvitskaplege disiplinar som tek sikte på å kome fram til universelle lover om naturfenomen og forklaringar på desse, enn innanfor humanistiske disiplinar som tek sikte på å forklare og forstå mellommenneskelege handlingar. Biletet er likevel ikkje eintydig. Ein mykje interessant fagleg disiplin i denne samanhengen er språkvitskapen, og då særleg grammatikken. På mange måtar har denne disiplinen metodologisk sett stått i ein slags mellomposisjon mellom humanvitskapane og naturvitskapane. Grunnen til det er at språket på den eine sida er noko som er spesifikt menneskeleg, samstundes som det på den andre sida synest å følgje visse grammatiske reglar som er upåverkeleg av menneskets vilje. Derfor finn vi det særskilt relevant å ta utgangspunkt i krava til Popper i ein studie av dei metodane som blir nytta innanfor moderne grammatikk.

*Spørsmålet for dette essayet er om den hypotetisk-deduktive metoden og falsifikasjonsprinippet<sup>1</sup> er eigna i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar.<sup>2</sup>*

Svaret på dette metodologiske og epistemologiske spørsmålet er avhengig av svaret på følgjande ontologiske spørsmål: «Kva er språk?» I kapittel 3 vil vi kort skissere svara på dette spørsmålet frå dei to store språkvitskaplege leirane<sup>3</sup> i dag: strukturalismen og den generative grammatikken, før vi på denne bakrunnen vil freiste å kaste lys over spørsmålet ovanfor.

---

<sup>1</sup> For å tydeleggjere vitskapsteoretiske motpoler har vi her teke utgangspunkt i arbeid av den tidlege Popper, der han stiller veldig strenge krav til bruken av falsifikasjonsprinsippet. Frå og med *The Logic of Scientific Discovery* (1972) modererer han krava og går over til å snakke om gjendriving snarare enn falsifisering.

<sup>2</sup> I dette essayet handsamar vi den typen grammatiske reglar som i fagliteraturen blir omtala som «konstitutive normer» for språksystemet – og ikkje «regulative normer» eller «pragmatiske prinsipp» for språkbruken.

<sup>3</sup> Omgrepet «leir» er her brukt medvite for å peike mot at det her er tale om motstridande vitskaplege paradigme i kuhnsk meining. Det finst fleire andre språkvitskaplege retningar (som t.d. den kognitivistiske), men av omsyn til emnet for og omfanget av dette essayet finn vi det ikkje føremålstøylen å kommentere desse retningane her.

## 2. Poppers krav til vitskaplege teoriar

I det nemnde føredraget forkastar Popper verifikasjonsprinsippet som vitskapleg metode. Dei logiske empiristane i Wiener-krinsen hevda at ei utsegn er vitskapleg dersom det finst ein metode for å verifisere den. Popper (1981:79) avviser dette heilt eksplisitt i eit anna føredrag: «det er helt ukorrekt og sterkt villedende å tro at vi kan tolke en «verifikasjon» av forutsigelsene som en verifikasjon av *explikans...*» Ein hypotese eller teori om at alle svaner er kvite, er ikkje vitskapleg sjølv om hundre eller tusen observasjonar av svaner peikar i den retning. Popper (2002:318) går jamvel så langt som å hevde at teorien ikkje ein gong blir meir sannsynleg same kor mange gonger ein oppnår verifikasjon gjennom induksjon.

Som løysing på demarkasjonsproblemet, dvs. problemet med å trekke opp eksakte skiljelinjer mellom vitskaplege og ikkje-vitskaplege teoriar, sette Popper i staden fram det som med ei samnemning kan kallast falsifikasjonsprinsippet: Ein teori er vitskapleg berre dersom den er falsifiserbar, gjendrivbar og prøvbar. Ein viktig bakgrunn for at Popper kom fram til dette prinsippet, var at han meinte at ulike teoriar i hans samtid ikkje berre såg alle passande observasjonar som «verifikasjonar» på at teoriane var korrekte, men at teoriane anten ikkje var etterprøvbare (psykoanalysen), eller at dei hadde ein uheldig tendens til å «forklare» avvikande observasjonar ved hjelp av stendig nye tilleggshypotesar (marxismen). Dette siste meiner han vitskapleg sett er ein feilaktig reaksjon på ei falsifisering. Dersom éin einaste observasjon syner at ei svane t.d. er blå, må ein forkaste heile teorien om at alle svaner er kvite og freiste å kome fram til nye teoriar som betre kan forklare fakta. Som eksemplarisk døme trekkjer Popper her fram relativitetssteorien til Einstein, som i tillegg til å vere falsifiserbar, gjendrivbar og prøvbar, oppfyller idealet om å vere både dristig og universell. Eit poeng hjå Popper er at Newtons rørslelover og gravitasjonsteori i *Principia* i si tid viste at Gallileis fall-lov berre er gyldig under heilt spesielle føresetnader, medan den spesielle relativitetsteorien til Einstein i neste omgang viste at Newtons teori berre er gyldig for moderate hastigheiter. Relativitetsteorien er derimot universelt gyldig – inntil nokon eventuelt klarer å falsifisere den. Eit anna poeng hjå Popper (1972:108)<sup>4</sup> er at Einstein utvikla denne teorien som eit *resultat* av Michelson-Morley-eksperimentet, som innebar ei falsifisering av Newtons mekaniske likningar i *Principia*. Gjennom dette historiske dømet ynskjer Popper å setje fram ei ideell *norm* for korleis ein bør utvikle vitskaplege teoriar om røyndomen.

Den hypotetisk-deduktive metoden inneber at ein først set fram dristige, universelle og falsifiserbare hypotesar, som ein så testar empirisk ved å freiste å falsifisere dei. Metoden er – i motsetnad til den induktive – logisk gyldig i og med at eksplanandum (konklusjonen) må følgje av eksplanans (universelle lover og initialvilkår). Etter ein eventuell falsifikasjon må ein forkaste den gamle hypotesen før ein set fram nye hypotesar, som både tek vare på det som eventuelt var sant i den gamle hypotesen, og kan gjere greie for det som ikkje stemte i den – før ein igjen freistar å falsifisere desse nye hypotesane. Ved hjelp av denne metoden –

<sup>4</sup> I boka *Personal Knowlegde* (1958:11) fornekta Michael Polanyi med tilvising til personleg korrespondanse med Einstein at eksperimentet spelte noka rolle i utforminga av relativitetsteorien. I så tilfelle slår dette iallfall delvis beina under den rolla den tidlege Popper tillegg falsifikasjonen i det vitskaplege framsteget.

og berre den – vil vitskapen stendig gjere evolusjonistiske framsteg, sidan nokre hypotesar viser seg å vere meir levedyktige enn andre. Men Popper understrekar heile vegen at ein aldri kan oppnå fullstendig sikker viten. Trass i at Popper hentar dei førebilete eksempla sine utelukkande frå naturvitskapen, synest han å meine at denne metoden er den einaste som kan føre oss nærmare sanninga – uansett vitskapleg retning. Ein kan såleis seie at han er ein talsmann for einskapsvitskapen.

Ein annan framståande vitskapsteoretikar, Thomas Kuhn (1970), henta også dei fleste eksempla sine frå naturvitskapen. Gjennom ei *deskriptiv* skildring av historia til naturvitskapen freistar han å vise at den faktiske vitskaplege utviklinga har følgt heilt andre linjer enn det normative idealet som Popper set opp. Det vil her føre for langt å gå i djupna av hans teoriar om normalvitskapleg aktivitet, vitskaplege paradigme og vitskaplege revolusjonar. I denne samanhengen vil vi først og fremst framheve at Kuhn fornekta Poppers påstand om at falsifikasjonsprinsippet er den einaste farande vegen for vitskapleg framsteg. Rett nok støttar han Popper i at naiv induktivisme ikkje gir grunnlag for vitskapleg framsteg, og han er også samd i at gravitasjonsteorien til Einstein og Eddingtons eksperimentelle stadfesting av denne teorien inneber at ein må forkaste Newtons dynamiske likningar i *Principia*. Men teorien til Einstein har i følgje Kuhn ikkje oppstått gjennom ei rasjonell vitskapleg utvikling, der ein falsifikasjon av Newtons teori har ført til at forskarane blir samde om at ein må finne ein ny og betre teori – jf. fotnote 4.

På generelt grunnlag hevdar Kuhn at det er først når anomaliane (som i røynda blir oppdaga gjennom tilfeldigheiter – og ikkje gjennom medvitne falsifikasjonsfreistnader) blir mange nok og store nok at ein tek til å nærme seg tidspunktet for ein vitskapleg revolusjon. Men sjølv ikkje då vil forskarane sameinast i ein freistnad på å utvikle ein ny, altomfemnande teori. Tvert imot vil det no oppstå ei vitskapleg krise, og først etter ein langvarig kamp mellom det gamle og det nye paradigmet vil det nye paradigmet sigre over det gamle – eigentleg ved at tilhengarane av det gamle døyr. Innanfor det nye paradigmet vil ein då utføre vitskap på ein ny måte. Etter Kuhns oppfatning er det altså berre innanfor normalvitskapen innanfor eit rådande paradigme at ein kan tale om akkumulasjon av kunnskap, medan dei verkeleg store vitskaplege framstega tvert imot skjer gjennom vitskaplege revolusjonar etter langvarig kamp. Kuhn understrekar dessutan at ein ikkje kan føreta objektive, rasjonelle vurderingar av om ein teori eller eit paradigme er vitskapleg. Grunnen til det er at det ikkje finst noko objektivt målepunkt utanfor dei ulike, motstridande paradigma. Denne inkommensurabiliteten til Kuhn står i sterk kontrast til Poppers demarkasjonskriterium. Ein kan seie at den inneber ei forkasting av tanken om einskapsvitskapen og ei anerkjenning av eigenarten til ulike faglege disiplinar. Nokre, som t.d. Paul Feyarebend (1975), har jamvel brukt dette synet til å argumentere for ei fullstendig relativisering av korleis ein oppnår vitskaplege oppdaginger, men dette gjekk ikkje Kuhn sjølv god for.

Dei fleste vitskapsfolk vil vel vere samde med Popper i at den induktive metoden ikkje er logisk gyldig, og at verifikasjonsprinsippet ikkje held mål som vitskapleg stadfesting på at ein hypotese eller ein teori er *absolutt universell*. Det synest også klart at falsifikasjonsprinsippet i *nokre* samanhengar åleine kan vere nok i allfall til å modifisere ein hypotese eller ein teori. Men sjølv ikkje innanfor naturvitskapen praktiserer ein falsifikasjonsprinsippet i den strenge

forma som ein finn hjå den tidlege Popper. I boka *Innføring i vitenskapsteori* argumenterer fysikaren og vitskapsteoretikaren Ragnar Fjelland (1999:101ff.) generelt for at den hypotetisk-deduktive metoden er like veleigna innanfor humanvitskapane og samfunnsvitskapane som innanfor naturvitskapane, der den tradisjonelt har stått sterkest. Samstundes understrekar han påstanden ovanfor om at naturvitskapen verken har praktisert eller bør praktisere falsifikasjonsprinsippet i streng tidleg-popperiansk tyding. Dersom ein t.d. gjer ei rekkje observasjonar som stadfestar ein hypotes, for så å gjere ein observasjon som stirr med hypotesen, vil ein på ingen måte forkaste hypotesen på bakgrunn av denne eine motstridande observasjonen, og det bør ein heller ikkje gjere. For det første kan jo den motstridande observasjonen t.d. ha oppstått som eit resultat av feil med måleinstrumenta. For det andre er det jo vanlegvis slik at vitskaplege teoriar består av ei rekkje ulike hypotesar og føresetnader, slik at det ofte vil vere vanskeleg å avgjere kva for hypotesar som er falsifiserte når teorien ikkje stemmer med observasjonane<sup>5</sup>. Dessutan poengterer Fjelland at ein må rekne med at ein hypotese blir stendig meir sannsynleg etter kvart som ein får fleire observasjonar som korresponderer med den. Han fornekta altså Poppers framheving av den sterke asymmetrien mellom verifikasjon og falsifikasjon. Men likevel har mange naturvitskaplege retningar eit overordna mål om å kome fram til universelle teoriar ved hjelp av den hypotetisk-deduktive metoden. I tillegg til å forklare fysiske hendingar i røyndomen, freistar slike teoriar å føresei dei same hendingane i form av nomologiske lover. Vi vil no rette merksemda mot korleis ulike språkvitskaplege leiarar stiller seg til den hypotetisk-deduktive metoden og falsifikasjonsprinsippet til Popper.

### 3. Ulike språksyn

Omgrepet «språk» er manetydig. I daglegtalen brukar ein omgrepet om vidt ulike fenomen: «Ho meistrar det engelske språket på linje med dei innfødde», «Folk frå Vestkanten talar eit konservativt språk», «Han hadde eit velutvikla språk for alderen». Ein kan seie at denne ulike omgrevsbruken i daglegtalen samstundes viser til motstridande syn på kva språk er innanfor ulike språkvitskaplege retningar eller paradigme. I det første eksemplet blir språk brukt i tydinga «eit teiknsystem konstituert av visse reglar i form av konvensjonar mellom brukarane». Det er ei slik tyding som ligg til grunn for strukturalismen. I det andre eksempelet er omgrepet knytt til *bruken* av teiknsystemet. Ei slik tilnærming til språk står sentralt innanfor t.d. pragmatikken og sosiolingvistikken. Sidan denne typen språkvitskaplege retningar fokuserer på kontekstuelt og sosialt betinga bruk av språk, er dei lite eigna i samband med utforminga av den typen grammatiske reglar vi drøftar her. Dei vil såleis få lite merksemd i dette essayet. I det tredje eksemplet blir språk brukt i tydinga «individets evne, dugleik eller kunnskap om eit teiknsystem konstituert av visse reglar». Det er ei slik tyding som ligg til grunn for den generative grammatikken.

---

<sup>5</sup> Etter at Duhem og Quine hadde peika på den holistiske karakteren til hypotesetesting, tok Popper (1989:238f) til ei viss grad høgde for dette problemet i sine seinare arbeid og peikte sjølv på at eksplisitt formulerte hypotesar og teoriar kviler på uteformat bakgrunnskunnskap. Likevel forsvarte han empirisk testing som grunnprinsipp og «løyste» problemet ved å stykke opp den uteformate bakgrunnskunnskapen og teste den «bit for bit».

Sjølv om det ikkje går like klart fram av faglitteraturen innanfor det strukturalistiske paradigmet eller innanfor den generative grammatikken, meiner vi det er grunnlag for å hevde at det eigentleg er semje om at språk er eit teiknsystem konstituert av visse reglar. Den ontologiske usemja går på kva for *eksistensform* dette systemet har i den røyndomen, og denne ontologiske usemja får metodologiske og epistemologiske konsekvensar for kva som faktisk er kunnskapsgrunnlaget i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar. Som nemnt har språkvitskapen historisk sett stått i ein slags mellomposisjon mellom humanvitskapane og naturvitskapane, sjølv om den humanistiske tilnærminga må seiast å ha vore dominerande. I og med strukturalismen og den generative grammatikken kan ein seie at språkvitskapen fekk eit meir medvite forhold til dei ulike vitskaplege tradisjonane, og at det kom ei endring i retning av meir naturvitskaplege tilnærmingar til språk. Men som vi skal sjå, er dette siste på ingen måte eintydig.

### 3.1 Eit ikkje-mentalistisk språksyn

Når førelesingsrekka *Cours de linguistique générale* til den sveitsiske lingvisten Ferdinand de Saussure (1967) vart utgitt posthumt i 1916, la den grunnlaget for det som skulle bli den mest dominerande språkvitskaplege retninga i allfall i første halvdelen av 1900-talet: strukturalismen. Det mest revolusjonerande ved denne retninga i høve til 1800-talets komparative lingvistikk var at ein fokuserte på synkrone studiar av språket, og at ein fokuserte på språket som system, *langue* – og ikkje på språkbruken, *parole*. Eit vesentleg poeng hjå Saussure er at dette språksystemet er autonomt, dvs. at det er konstituert ved sjølvstendige reglar og prinsipp. Med ein slik innfallsvinkel kunne ein tilnærme seg språket ut frå dei rådande naturvitskaplege metodiske ideaala. Føremonene med overgangen frå ei humanistisk til ei naturvitskapleg tilnærming vart eksplisitt uttrykt av den danske strukturalisten Louis Hjelmslev (1993:9ff):

*En sprogteori der saaledes gennem et udelukkende formalt forudsætningssystem søger sprogets specifikke struktur maa nødvendigvis, [...], søge en konstans, der ikke forankres i en uden for sproget liggende «virkelighed». En saadan [...] konstanssøgen er sikker paa at møde modstand fra en vis humanistisk tradition. [...]. De humanistiske fænomener er, hedder det, i modsætning til naturfænomenerne eengangsfænomener, der netop dærfor ikke som naturfænomene kan gjøres til genstand for en exact og generaliserende behandling.*

Siktemålet til dei europeiske strukturalistane var nettopp å kome fram til mest mogleg objektive og generaliserte skildringar av strukturane i det autonome språksystemet. Men samstundes framheva Saussure at språksystemet er eit produkt av den medfødde språkevna på den eine sida og ei samling av naudsynte, men arbitrære sosiale konvensjonar på den andre. Han meinte at desse overindividuelle, sosiale konvensjonane eksisterer i kraft av ein slags kontrakt mellom medlemene av eit språkbrukssamfunn. Rett nok var Saussure noko tvitydig på dette punktet, i og med at han også plasserte språket i språkbrukarane sine hjernar, som ein sum av «fotavtrykk». Men ei rimeleg tolking er iallfall at han mente språket *primært* er ei form for sosiale konvensjonar, og at det berre eksisterer *fullstendig* i kollektivet. På det viset understrekar Saussure at sjølv om det i utgangspunktet er eit fullstendig arbitrært tilhøve mellom uttrykkssida og innhaldssida i det språklege teiknet, ligg det utanfor einskildindividet si makt å endre på dette tilhøvet etter kvart som konvensjonane festar seg i kollektivet. Ikkje

desto mindre kan tilhøvet endre seg over tid som eit resultat av sosiale og språklege prosessar. I dette lyset tilhører det strukturalistiske paradigmet framleis humanvitskapane, og som vi skal sjå har dette viktige implikasjonar for problemstillinga i dette essayet.

Den amerikanske greina av strukturalismen var jamvel meir kategorisk i sitt syn på språket som autonomt system. Dei to leiande teoretikarane innanfor dette paradigmet, Leonard Bloomfield og Zellig Harris, var nemleg sterkt påverka av B.F. Skinners behaviorisme. Ein grunntanke innanfor behaviorismen er at dersom psykologien skal vere vitskapleg, kan den berre undersøkje observerbare fenomen. Sidan ein eventuell mental grammatikkmodul ikkje var obeserverbar, kom den amerikanske strukturalismen slik til å oppfatte grammatikken som strengt autonom og grammatikkarens si oppgåve som strengt deskriptiv (Åfarli 2000:188ff.).

Den europeiske strukturalismen har, med støtte frå meir generelle læringsteoriar (jf. Lerner 1986:100), lagt grunnlaget for eit språksyn som kan bli omtala som ikkje-mentalisk og empiristisk. I korte trekk kan dette synet bli samanfatta til at *evna* til å utvikle eit avansert språk er medfødd og unik for mennesket, men at den oftast umedvitne og uartikulerte *kunnskapen* om språksystemet er tillært gjennom ein meir eller mindre medviten imitasjon av språkbruken i omgjevnadene, og at denne språkbruken består av faktiske språklege ytringar framsette innanfor dei sosiale konvensjonane som gjeld for språksystemet – jf. t.d. Andersen (1989:8), Elgmork (1988:193) og Papazian (2007:57ff.). Papazian (2007:146ff.) understrekar at denne forma for empirisme skil seg nokså klart frå behaviorismen, og dermed også frå den amerikanske strukturalismen, som båe ser læring som mekanisk betinga av sanseintrykk. Rett nok er det truleg slik at den aller første språkinnlæringa skjer ved at barnet imiterer språkbruken i omgjevnadene. Men allereie i svært ung alder er barnet i stand til å produsere unike og grammatisk korrekte setningar på sjølvstendig grunnlag. Innanfor denne språkinnlæringsteorien blir dette forklart ved at barnet i tillegg til å observere dei språklege omgjevnadene også bearbeider inntrykka gjennom analyse, fortolking, klassifisering og generalisering i hjernen. Vi ser at dette liknar på Bacons og særleg Kants form for empirisme, som skil seg klart frå den strenge empirismen som reknar med at sann kunnskap er det same som reine, upåverka sanseintrykk. Popper (1981:62f.) tek avstand frå båe desse formene for empirisme, men det kjem vi attende til.

Når vi har brukt så mykje plass på denne teorien om korleis individet lærer språket, er det fordi det kan hevdast at det har klare paralleller til korleis lingvisten går fram når han skal utarbeide teoriar om dei grammatiske reglane som ligg til grunn for språket. For det første er vel dei fleste samde om at objektet er det same for den som skal lære språk og for den som skal setje fram grammatiske teoriar om språk, nemleg teiknsystem konstituert av visse reglar<sup>6</sup>.

For det andre meiner fleire ikkje-mentalisk orienterte lingvistar (t.d. Linell 1979:2) at båe grupper må ta utgangspunkt i dei same dataa, nemleg faktiske språklege ytringar framsette innanfor dei sosiale konvensjonane om språket. På dette planet ser vi at desse ikkje-

<sup>6</sup> Jf. utgreiing om språkomgrepet ovanfor, som viser at det eigentleg er semje om kva språk er, men usemje om kvar språket eksisterer i røyndomen.

mentalistane opererer innanfor eitt av krava til Popper, som altså meinte at ein teori eller ein hypotese var vitskapleg berre dersom det var mogleg å observere dei fenomena som den sa noko om i røyndomen. Men det er ikkje alle lingvistar innanfor dette paradigmet som er samde i at dataa for lingvisten først og fremst er faktiske språklege ytringar. Helge Dyvik (1991/1992) argumenterer for at det er språkbrukaranes (og lingvistens eigne) intuisjonar om språket som er det sentrale kunnskapsgrunnlaget i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar<sup>7</sup>, men han vedgår at desse intuisjonane kan vere ei feilkjelde. Papazian er samd i at intuisjonane til brukarane av språket kan hjelpe lingvisten i samband med utforminga av grammatiske reglar, men då berre som appellinstans, ved godkjenning av gyldige data eller underkjenning av ugyldige data, dvs. faktiske språklege ytringar som ein t.d. kan finne i basar av innsamla tekstmateriale av ulike slag.

For det tredje kan det hevdast at det er stor likskap mellom metoden til den som skal lære eit språk, og den som skal setje fram teoriar om kva for grammatiske reglar som ligg til grunn for dette språket. Det skal vi sjå nærmare på i neste delkapittel, sidan dette er heilt avgjerande i høve til hovudspørsmålet for dette essayet.

### **3.1.1 Metodologiske konsekvensar av eit ikkje-mentalistisk språksyn**

Eric Papazian (2007:154ff.) argumenterer for at det han med tilvising til Lerner (1986:37) kallar «the inductive-hypothetico-deductive spiral», er den mest veleigna metoden både i språkinnlæring og når ein skal setje fram teoriar om grammatiske reglar. Metoden inneber at ein startar med å observere eit avgrensa tal einskildtilfelle, før ein på denne bakgrunnen set fram generaliseringar. Men slike generaliseringar er eigentleg berre hypotesar som alltid må prøvast mot nye observasjonar, og denne prøvinga er deduktiv. Papazian hevdar vidare at generaliseringa blir sikrare dess fleire observasjonar som korresponderer med den. Dette bryt altså radikalt med dei vitskaplege krava til Popper (2002:18), som ikkje berre forkastar denne forma for empirisk «verifikasjon», men jamvel går så langt som å påstå at «...there is no such thing as induction». Men vi har sett at ein også innanfor moderne naturvitenskap reknar med at ei generalisering blir sikrare dess fleire observasjonar som korresponderer med den. Ei anna sak er at moderne naturvitenskap vanlegvis ikkje arbeider med induksjon, men derimot etter den hypotetisk-deduktive metoden. Helge Dyvik (1997:125) argumenterer, med direkte tilvising til Popper, for at den reine induksjonen er ubrukeleg i samband med utforminga av grammatiske reglar:

*Forut for observasjonen kommer i det minste et spørsmål eller en problemstilling, eller kanskje en hypotese eller til og med en rikt artikulert teoribygging med presise prediksjoner om mulige observasjoner.*

I motsetnad til Popper, som ikkje legg vekt på å forklare korleis slike hypotesar eller teoriar kan eller bør oppstå, argumenterer Dyvik (op.cit.) sterkt for at dei må kome frå introspeksjon, dvs. at lingvisten set fram observasjonelle hypotesar på bakgrunn av konsultasjon av eigne intuisjonar om språket. Hypotesane må så testast mot intuisjonane til

<sup>7</sup> På dette punktet er Dyvik faktisk på linje med Chomsky (1965:3), som òg vil bruke intuisjonane til «an ideal speaker» som kunnskapsgrunnlag.

«et skjønnssomt utvalg av informanter». Ja, Dyvik og Popper har nok rett i at det innanfor det ein kan kalle normal vitskapleg aktivitet er vanskeleg – og iallfall lite effektivt – å oppnå resultat utan at ein har eit spørsmål eller ein hypotese å gå ut frå. Men samstundes synest det klart at dette spørsmålet eller denne hypotesen ikkje kan dukke opp frå ingen stad – det eller den må jo kome frå forskarens refleksjonar, og dei igjen vil vanlegvis vere basert på hans erfaringar på eit eller anna plan. På det viset blir det eigentleg eit definisjonsspørsmål om ein kan forsvare den hypotetisk-deduktive metoden i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar innanfor dette paradigmet.

Det som iallfall er heilt klart, er at falsifikasjonsprinsippet i popperiansk meining må bli og blir forkasta innanfor det ikkje-mentalistiske paradigmet. Nokre lingvistar innanfor dette paradigmet argumenterer altså for at det er *faktisk språklege ytringar* som er dataa. Dersom ein slik lingvist observerer at ei faktisk språkleg ytring ikkje stemmer overeins med ein hypotese om ein grammatisk regel om denne typen ytringar, kan han ikkje utan vidare forkaste hypotesen. For det første kan jo observasjonen botne i at den konkrete ytringa rett og slett er *feil*, anten fordi språkbrukaren ikkje eigentleg er fortruleg med den grammatiske regelen, eller fordi han slurva i nedskrivingsaugneblinken. Det same gjeld for lingvistar som meiner at det er språkbrukarenes *intuisjonar* om språket som er det primære kunnskapsgrunnlaget, for rapporterte intuisjonar kan jo godt vere feil eller stå i eit mistilhøve til den faktiske, korrekte språkbruken. For det andre kan jo observasjonen av ytringa eller intuisjonen til språkbrukaren representer eit *unntak* frå den generelle regelen. Vi ser her at lingvisten som ynskjer å utforme teoriar om grammatiske reglar, har eit heilt anna utgangspunkt enn naturvitkapsmannen som ynskjer å utforme fysiske lover. Fysiske lover er nemleg per definisjon universelle og nomologiske, dvs. at dei gjeld unntakslaust til alle tider – gitt at initialvilkåra er oppfylte. Dersom ei lov om banen til eit gitt elektron er korrekt, *kan* ikkje eit einskildelektron av denne typen ta ein annan bane.<sup>8</sup> Slik er det ikkje med språket. Reint fysisk er det fullt mogleg – og jamvel ikkje så å uvanleg – å uttale eller skrive ei ugrammatisk setning av typen «Kast ballen ikkje». Derfor må ein vere særskilt varsam med å nytte falsifikasjonsprinsippet til Popper i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar. Ikkje desto mindre bør ideilet til Popper om aktiv etterprøving bli sett like høgt innanfor språkvitskapen som innanfor naturvitkappen. Men for at det skal vere rimeleg grunnlag for å modifisere eller forkaste ein hypotese om ein grammatisk regel, bør ein for det første observere *mange* unntak og for det andre kontrollere om desse unntaka blir godtekne som grammatiske ved å spørje kompetente informantar om deira intuisjonar.

Naturvitkapsens mål om å føreseie fysiske hendingar i røyndomen i form av nomologiske lover er iallfall heilt urealistisk innanfor språkvitskapen. Ingen språkvitarar reknar med at det er mogleg å føreseie framtidig språkbruk. Grunnen til det er altså at einskildmennesket i motsetnad til for eksempel elektronet, kan gjere, seie eller skrive det det vil, når det vil. Men om ein tek omsyn til langtidsperspektivet, vil ikkje-mentalistar hevde at dette også gjeld språksystemet. I tradisjonen etter Saussure blir det, som vi såg ovanfor, lagt vekt på at også språksystemet eigentleg er skapt av mennesket, og det som er menneskeskapt,

<sup>8</sup> Rett nok har vi sett at det heller ikkje innanfor naturvitkappen er fullt så enkelt – jf. utgreiinga på side 7.

er per definisjon mogleg å endre. Rett nok kan ikkje einskildindividet, eller samfunnet for den saks skuld, plutsleg endre på dei grammatiske reglane for språksystemet. Men etter kvart som tida går og samfunnet utviklar seg, vil desse reglane, som jo eigentleg berre er mellommenneskelege normer, endre seg. Dermed blir det umøgleg å forme nomologiske grammatiske reglar.

Eit anna tilhøve som er verdt å merke seg i denne samanhengen, er at ein innanfor det ikkje-mentalistske paradigmet tilskriv dei grammatiske reglane ein reint deskriptiv funksjon: Dei er berre *prediksjonar* om potensielle språklege ytringar. Ein pretenderer med andre ord ikkje å framsetje grammatiske teoriar som *forklarar* kvifor dei grammatiske reglane eller normene er som dei er. Grunnen er rett og slett den grunnleggjande hypotesen hjå strukturalistane om at språket som system er autonomt, og at tilhøvet mellom uttrykkssida og innhaldssida av det språklege teiknet eller ei ytring er arbitrært eller vilkårleg.

Ifølgje Popper (1981:72, 81) bør vitskapen oppfylle *både* dei to nemnde oppgåvene, altså kunne føreseie framtidige hendingar og kunne forklare kvifor dei skjer, og Popper stiller like strenge krav til forklaringa som til prediksjonen:

*Tidligere har jeg forsøkt å vise at en forklaring vil være tilfredsstillende bare hvis de dens universielle lover, dens teori, kan prøves uavhengig av explanandum. [...] M.a.o. tilfredsstillende teorier må rent prinsipielt gå utover det empiriske erfaringsgrunnlag som ga opphav til dem; hvis ikke ville de, som vi allerede har sett, bare føre til sirkelforklaringer.*

På det viset må ein kunne seie at dette språkvitskaplege paradigmet i allfall ikkje oppfyller den andre av dei to hovudoppgåvene som Popper set fram som vesentlege for vitskapen.

### 3.2 Eit mentalistisk språksyn

Når den amerikanske lingvisten Noam Chomsky publiserte *Syntactic Structures* i 1957, la den grunnlaget for den generative grammatikken. Dette var nemleg første gongen tankane om at det finst eksplisitte reglar som nøyaktig spesifiserer korleis djupstrukturar i syntaksen kan transformeras og gi overflatestrukturar i eit hierarkisk ordna system, vart offentleggjorde<sup>9</sup>. Men ut frå ein vitskapshistorisk innfallsvinkel er det grunn til å presisere at denne publikasjonen eigentleg ikkje representerte noko brot med, men snarare ei forlenging av strukturalismen. Det er først noko seinare at Chomsky (1959) eksplisitt bryt med det behavioristiske programmet innanfor amerikansk strukturalisme. Dette programmet la altså vekt på at dersom ein teori skal vere vitskapleg, kan den berre handsame observerbare og etterprøvbare fenomen, samstundes som det hadde eit reint deskriptivt føremål.

I åra som kom, raffinerte Chomsky (sjå t.d. 1965, 1981 og 1986) det som skulle bli essensen av programmet til den generative grammatikken, nemleg teorien om at

<sup>9</sup> Ein reknar altså med at det finst eitt grammatisk nivå før dei syntaktiske operasjonane har verka, nemleg «Deep structure» / «djupstruktur», og eitt nivå etter at dei har verka, nemleg «Surface structure» / «overflatestruktur» (Nordgård og Åfarli 1990:81f.)

grammatikken i ontologisk forstand er medfødde kunnskapar i form av ein eigen *mental modul* i hjernen på mennesket. Han argumenterer for at alle menneske er fødde med ein universell grammatikk (UG). Dette grammatikkjelettet har på den eine sida nokre absolutte prinsipp som pretenderer å forklare det faktum at alle normale menneske blir kompetente brukarar av noko så ekstremt komplisert som språk i løpet av dei første få leveåra. På den andre sida reknar Chomsky og den generative grammatikken med at UG også inneheld eit sett av parametrar som kvar for seg kan tilordnast éin verdi av ei avgrensa mengd moglege verdiar etter språkleg input frå omgjevnadene, og dette siste pretenderer å forklare kvifor det faktisk er variasjon mellom ulike språk. Den språkspesifikke grammatikken i hjernen på den einskilde språkbrukaren, som Chomsky kallar Internalized langue (I-språk), er altså eit resultat av UG og språkleg stimulans.

Det har ofte vore hevda at framveksten av denne generative grammatikken innebar eit eit paradigmeskifte innanfor språkvitskapen – jf. at termar av typen «den chomskyanse revolusjon» var og er frekvente innanfor faglitteraturen. Tor Åfarli (2000:140f.) argumenterer eksplisitt for at det her er tale om eit paradigmeskifte i kuhnsk meaning. M.a. viser han til at generativistane og mentalistane bruker fagtermar som er inkommensurable med fagtermar innanfor tradisjonell grammatikk, og til at dei grunnleggjande vitskaplege problemstillingane i dei to paradigma er heilt forskjellige. Ja, det *er* nok på mange måtar grunnlag for å hevde at den generative grammatikken innebar eit paradigmeskifte innanfor språkvitskapen. Vi vil likevel presisere at dette skiftet i tilnærminga til språket ikkje oppstod som eit resultat av at anomaliane innanfor det gamle paradigmet vart for store, noko som vi har sett står heilt sentralt i Kuhns deskriptive framstilling av den vitskaplege utviklinga. Vi kan også merke oss at det nye paradigmet så langt på ingen måte kan seiast å ha fortrengt det gamle, noko som går tydeleg fram av delkapittel 2.1 ovanfor.

Den tidlege Popper hevdar som vi har sett, at nye vitskaplege teoriar berre kan oppstå ved at gamle teoriar blir falsifiserte. Heller ikkje dette synest å vere tilfellet her, for den generative grammatikken har aldri eigentleg freista å falsifisere strukturalismen. Det vil vere meir korrekt å seie at den har eit anna fokus, nemleg å *forklare* grammatikken ved å vise til at den er eigen modul i hjernen, sjølv om den også freistar å beskrive denne grammatikken. Slik sett kan ein seie at den aktuelle teorien snarare må ha oppstått som resultat av ein idé hjå Chomsky enn som eit resultat av ein adekvat vitskapleg reaksjon på ei falsifisering i popperiansk meaning.<sup>10</sup>

---

<sup>10</sup> Tankane om ein mental grammatikk var ikkje heilt nye då Chomsky lanserte dei. Tvert imot kan ein spore slike tankar heilt attende til antikken og Platon, via spanjolen Sanctius til cartesisk rasjonalisme og Port Royal-grammatikken på slutten av 1600-talet. Dessutan var det Jerry Fodor (1983) som innførte sjølve omgrepene «mental modul» og modularitetstesen om sinnet.

### 3.2.1 Metodologiske konsekvensar av eit mentalistisk språksyn

Frå og med *Aspects...* argumenterer Chomsky altså for at ikkje berre språkevna, men også sjølve språkkunnskapen er medfødd hjå mennesket. Rett nok er verken Chomsky eller andre mentalistar heilt ein tydige i argumentasjonen sin på dette punktet. For det første har terminologien i argumentasjonen deira ofte vore upresis. Nokre gonger blir fenomenet UG omtala som «faculty», medan det andre gonger blir omtala som «knowledge» (Papazian 2007:25f.). Denne mangelen på stringens er problematisk, for også erklærte ikkje-mentalistar er samde om at mennesket har ei medfødd språkleg *evne* – det springande punktet er om språkkunnskapen er medfødd. For det andre påstår heller ikkje mentalistane at *all* språkkunnskap er medfødd – *noko* av den er tillært via språkleg input, sjølv om denne læringa eller modninga er styrt av visse medfødde parametrar.

Likevel er mentalistane ikkje i tvil om at «the language has no objektiv existense apart from its mental representation» (Chomsky 1972:167). Med eit slikt språksyn tilnærmar dette paradigmet seg objektet ut frå ein naturvitenskapleg innfallsvinkel også i meir substansiell forstand, for på dette viset blir det primære studieobjektet til språkforskaren den modulen i hjernen som representerer språksystemet. Det som skal beskrivast og forklarast, er ein fysisk storleik som iallfall i ein viss forstand kan samanliknast med t.d. planetane sine rørsler i solsystemet.<sup>11</sup> Men det er minst tre ontologiske tilhøve som gjer at den mentalistisk orienterte grammatikaren har eit heilt anna utgangspunkt enn t.d. fysikaren. For det første er objektet til grammatikaren umogleg å observere og måle direkte, dersom det i det heile teke eksisterer. For det andre er objektet ein tydlig berre for ein eventuell UG, men ikkje for eit eventuelt I-språk, som jo vil variere frå språksamfunn til språksamfunn – og jamvel frå språkbrukar til språkbrukar innanfor kvart einskilt språksamfunn.<sup>12</sup> For det tredje impliserer insisteringa på at språket er identisk med (den ideelle) språkbrukarens mentale kunnskap om språket, at grammatikarens objekt er det same som kunnskapen om objektet.

Ikkje desto mindre freistar den generative grammatikken å framsetje grammatiske reglar med same status som universelle lover i naturvitenskapen, og å forklare desse reglane med tilvising til UG som ein fysisk storleik i hjernen til mennesket (Åfarli 2000:138f):

*Studieobjektet blir no oppfatta som dei kognitive grammatiske «naturlovene» som evolusjonen har utvikla hos mennesket, og målet blir å forklare språkstrukturen ved å vise til desse «naturlovene».*

Metoden som blir framsett som førebileteleg for å kome fram til desse grammatiske reglane, ligg i utgangspunktet ikkje så langt frå det hypotetisk-deduktive idealet til Popper, sjølv om ein tek utgangspunkt i empiriske observasjonar (sjå t.d. Nordgård og Åfarli

<sup>11</sup> At objektet er ein del av mennesket, er i seg sjølv ikkje til hinder for at innfallsvinkelen er naturvitenskapleg, jf. t.d. medisinske studiar. Men i eitt perspektiv kan ein som Åfarli (2000:138f.) hevde at den mentalistiske tilnærminga er *meir* humanistisk enn den ikkje-mentalistiske, sidan merksemda blir flytta frå strukturelle eigenskapar ved eit autonomt språksystem til grammatikken som ein mental modul i hjernen til mennesket.

<sup>12</sup> Dette synet deler også ikkje-mentalistiske strukturalistar. Men til skilnad frå mentalistane har strukturalistane «berre» ambisjonar om å setje fram kollektive grammatiske reglar om språksystemet innanfor eit avgrensa språksamfunn. Slik sett blir objektet deira meir ein tydige.

1990:24ff. og Åfarli 2000:82). Med basis i observerte overflatestrukturar i syntaksen konstruerer ein hypotetiske modellar som viser korleis desse strukturane blir genererte av underliggjande djupstrukturar i UG. Desse modellane blir så testa empirisk mot dei grammatiske intuisjonane til den ideelle språkbrukaren. Dersom empirien stemmer overeins med modellane, reknar ein med at dei blir sannsynleggjorde. Dersom empirien ikkje stemmer overeins med ein modell, har ein to alternativ: Anten må ein modifisere modellen ved å setje fram tilleggshypotesar som kan beskrive og forklare avvika, eller så må ein falsifisere modellen, for så å setje fram ein ny modell som betre kan beskrive og forklare observasjonane. Som vi ser, har denne metoden også eigentleg mange likskapar med den metoden som strukturalistisk orienterte lingvistar arbeider etter. Avvika desse har i høve til popperianske krav, har vi allereie vore inne på, og dei treng såleis ikkje bli ytterlegare kommenterte. Men på to avgjerande punkt skil den generative grammatikken seg frå den strukturalistiske, og desse punkta vil vi rette merksemda mot no.

Det eine er at dei grammatiske reglane innanfor den generative grammatikken altså pretenderer å vere universelle, dvs. at dei må gjelde for *alle* moglege grammatiske fenomen i alle menneskelege språk. Åfarli (2000:106ff,126) trekker fram eksempelet med invertert leddstilling i samband med plasseringa av setningsadverbialet i overgangen frå hovudsetning til undersetning. I staden for å introdusere tilleggshypotesar som kan gjere greie for fenomenet, argumenterer han for at X'-teorien innanfor den generative grammatikken både forklrarar og beskriv fenomenet innanfor ein og same modell. Dette er jo i utgangspunktet i samsvar med Poppers krav om universalitet. Problemet er at avvika frå ein regel – eller *anomaliane* om ein vil, har ein tendens til å bli særsla mange når ein freistar å inkorporere alle språk i verda i ein og same regelen. Generativistane Åfarli og Nordgård (1990:25) vedgår sjølv dette problemet:

*Dei språkspesifikke grammatikkane som kan deriverast frå UG og parametrar med fastsette verdiar, blir kalla kjernegrammatikkar. Men i alle språk finn vi irregulære og spesielle konstruksjonar eller fenomen som det ikkje er rimeleg å forklare ved å vise til UG eller parametrar, [...] Dette tilhører periferien og er mindre interessant for generative lingvistar. [Mi uth.]*

Men ikkje berre det: Med tanke på at parametrane gir særsla varierande «resultat» i ulike språk, finn vi grunn til å stille spørsmål ved om dei i det heile kan bli definerte som universelle i streng tyding. Popper krev jo at universelle lover skal gjelde unntakslaust til alle tider.

Det andre hovudmomentet som skil den generative grammatikken frå strukturalismen, er som vi har sett at førstnemnde også freistar å *forklare* dei grammatiske reglane. Det skjer ved at ein relaterer det som skal forklara (grammatiske mønster i naturlege menneskelege språk) til ein kognitiv modul i hjernen til mennesket (UG) som kan generere eit uendeleg tal slike grammatiske setningar ut frå visse transformasjonsgrammatiske reglar. Som vi forstår, korresponderer dette i prinsippet med Poppers krav om tilgang til uavhengig prøving av eksplanans. Derimot vil vi poengtere at det ikkje samsvarar med eit anna sentralt krav innanfor den logiske tradisjonen og deduktiv-nomologiske tilnærmingar, nemleg at eksplanandum (eit gitt grammatiske mønster) følgjer som ein *logisk* konsekvens av eksplanans (dei grammatiske reglane nedfelte i UG og initialvilkåra) – jf. t.d. Popper (1981:73) og Hempel (1965:299). Dersom mentalistane hadde hevda og hatt rett i at *all* språkkunnskap er

medfødd, *ville* ei logisk følgje vere at dei grammatiske mònstra i språket ikkje inneheldt noko form for arbitraritet. Men slik er det altså ikkje, verken i følgje paradigmet sjølv, som altså vedgår at noko av språket er avhengig av stimuli, eller i følgje det strukturalistiske paradigmet, som på si side hevdar at dei språklege strukturane i utgangspunktet er heilt vilkårlege. Men Wesley C. Salmon (1984) argumenterer for at det også finst ein annan type forklaringar enn dei logiske/epistemiske, nemleg dei ontiske, som etablerer ein *kausal* relasjon mellom eksplanans og eksplanandum. Åfarli (2000:83) hevdar at det er denne typen som er mest veleigna i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar. I korte trekk inneber dette at ein på bakgrunn av empiriske observasjonar etablerer ein hypotetisk *modell* som skal predikere alle moglege framtidige syntatiske strukturar i røyndomen, som ein så testar deduktivt mot empiriske data som er uavhengige av dei dataa ein brukte for å kome fram til modellen.

*Dersom prediksjonane samsvarar med dei nye data, har vi evidens for at modellen samsvarar med det reelle systemet, [...] Vi reknar da med at modellen faktisk kan forklare dei observerte data.*

Bakgrunnen for at Åfarli meiner at det er den ontiske modell-forklaringa som er mest veleigna til det aktuelle føremålet, er nettopp at språkmodulen i hjernen ikkje er observerbar. Konsekvensen er at ein må nytte sekundære data i arbeidet med å teste teorien om dei grammatiske reglane, nemleg (den ideelle) språkbrukarens intuisjon om språksystemet. Åfarli forsvarar dette med å vise til at framgangsmåten er den same innanfor svært mange vitskapar, også naturvitskapar. Dersom ein t.d. skal freiste å kome fram til ein teori om kva som rører seg i sola sitt indre, må ein ta utgangspunkt i det ein kan observere på yta. Vi vil likevel stille spørsmål om samanlikninga er god. For medan astrofysikaren i det minste har faktisk observerbare fysiske storleikar å forhalde seg til, må den mentalistiske lingvisten forhalde seg til *utsegner om språklege intuisjonar*, og dei er meir upålitelege, rett og slett fordi dei er framsette av mennesket. Eit anna, men nærliggjande vitskapsteoretisk problem ved den aktuelle teorien, er at mentalistane reknar kunnskapen om objektet som det same som objektet sjølv. Ein fysikar som argumenterer for at planetrørslene i solsystemet er som dei er med tilvising til NN sine vitskapar om desse rørslene, vil neppe bli tatt alvorleg. Kunnskapen om eit objekt må i følgje Popper vere etterprøvbar og falsifiserbar, og då kan ikkje denne kunnskapen vere det same som objektet sjølv.

## 4. Konklusjon

I dette essayet har vi freista å kaste lys over i kva grad dei vitskaplege ideaala til Karl Popper er eigna i samband med utforminga av teoriar om grammatiske reglar. For å kunne svare på dette epistemologiske spørsmålet fann vi det føremålstenleg å klargjere dei to rådande og grunnleggjande motstridande syna på kva språk eigentleg er, reint ontologisk. Men noko forenkla har vi i grunnen sett at den hypotetisk-deduktive metoden med visse modifikasjoner blir sett på som veleigna både innanfor det ikkje-mentalistiske, strukturalistiske paradigmet og innanfor paradigmet til den generative grammatikken. Slik sett kan ein generelt hevde at denne delen av språkvitskapen har meir til felles med naturvitskapane enn med meir typiske humanvitskapar.

Dersom ein studerer dei to språkvitskaplege paradigma nærmare, vil ein likevel raskt oppdage store skilnader. Det strenge falsifikasjonsprinsippet til den tidlege Popper blir rett nok kraftig moderert innanfor både paradigma, men på heilt ulikt grunnlag. Strukturalistane viser til at observerte grammatiske ytringar og intuisjonar kjem frå mennesket, noko som inneber at dei per definisjon kan vere feilaktige. Dessutan impliserer synet om at språket er skapt av mennesket, at det også er mogleg å endre, slik at ei ytring som er feilaktig på eit gitt tidspunkt og ein gitt stad, kan vere rett på eit anna tidspunkt og ein annan stad. Generativistar framviser derimot berre ein generell skepsis mot naiv falsifisering om lag på same måten som ein ser det innanfor moderne naturvitenskap, og dette er som vi har sett eit syn som den seine Popper langt på veg støttar. Det at ein empirisk observasjon ikkje samsvarar med ein teori, kan ha mange ulike årsaker som i seg sjølv ikkje inneber at teorien er feil.

Elles er det heilt klart at det generative programmet har langt større ambisjonar enn det strukturalistiske – både med omsyn til å kome fram til *universelle* grammatiske reglar og med omsyn til å kunne *forklare* desse reglane ved å relatere dei til ein kognitiv modul i hjernen. I det perspektivet kan ein hevde at det generative programmet ligg nærmare dei vitskaplege ideala til Popper og naturvitenskapane enn det strukturalistiske programmet. Rett nok reserverer også generativistane seg mot andre sider av den popperianske tradisjonen, men likevel pretenderer dei å framsetje naturlover om språklege strukturar. I dette essayet har vi stilt nokre kritiske merknader til kunnskapsgrunnlaget som blir brukt i argumentasjonen for at slike lover eksisterer.

## Litteraturliste

- Andersen, H.: «Understanding linguistic innovations.» I: L. E. Breivik og E. H. Jahr (red.): *Language Change. Contributions to the Study of Its Causes*. Berlin: Mouton de Gruyter 1989, s. 5-27.
- Chomsky, N.: *Syntactic Structures*. Haag: Mouton 1957.
- Chomsky, N.: Bokmelding av B.F. Skinners «Verbal behavior», *Language* 35, s. 26 – 58.
- Chomsky, N.: *Aspects of the Theory of Syntax*. Cambridge, Mass.: MIT Press 1965.
- Chomsky, N.: *Language and Mind, enlarged ed.* New York: Harcourt Brace Jovanovich 1972.
- Chomsky, N.: *Lectures on Government and Binding* Cambridge, Mass.: MIT Press 1981.
- Chomsky, N.: *Knowledge of Language. Its Nature, Origin and Use*. New York, Praeger 1986.
- Derwing, Bruce: *Generative grammar as a Theory of Language Acquisition: a Study in Empirical, Conceptual and Methodological Foundations of Contemporary Linguistics*. Cambridge UP 1973.
- Dyvik, H.: «Normbegreper, systembegreper og individuering av norsk skriftspråk.» I *Standardspråk og dialekt. Seminarer i Oslo 1991 og 1992*, utg. Bergens riksmålsforening og Det norske akademi for sprog litteratur, s. 159 – 174.
- Dyvik, H.: «Fra teori til data – eller omvendt?» i: *Nordica Bergensia 13* 1997, s. 124 – 141.
- Elgmork, K.: *Aper – mennesker, slektskap og utvikling*. Oslo: Universitetsforlaget 1988.
- Feyerabend, P.: *Against method: outline of an anarchistic theory of knowledge*. London: NLB 1975.
- Fjelland, R.: *Innføring i vitenskapsteori*, Universitetsforlaget, Oslo 1999.
- Fodor, J.: *The modularity of mind: an essay on faculty psychology*, Cambridge, Mass.: MIT Press, 1983.
- Hempel, C.G.: *Aspects of Scientific Explanation and Other Essays in the Philosophy of Science*. New York: Free Press 1965.
- Hjelmslev, L.: *Omkring Sprogteorienes Grundlæggelse*, Copenhagen: The Linguistic Circle of Copenhagen 1993 [1943].
- Kuhn, T.S.: *The Structure of Scientific Revolutions*, Chicago: University of Chicago Press 1970.
- Lerner, R.M.: *Concepts and Theories of Human Development* (2. utg.). New York: Random House 1986.

Linell, Per: *Psychological Reality in Phonology. A theoretical Study*. Cambridge UP 1979.

Nordgård, T. og Åfarli, T.A.: *Generativ syntaks – Ei innføring via norsk*. Novus forlag, Oslo 1990:24.

Papazian, E.: *Språkkunnskapen – medfødt eller tillært? Om barns tilegnelse av det første språket*. Unipub forlag, Oslo 2007.

Polanyi, M.: *Personal Knowlegde*. London: Routledge & Kegan Paul 1973 [1958].

Popper, K.R.: *The Logic of Scientific Discovery*, London: Hutchinson & Co 1972.

Popper, K.R.: «Vitenskap: Gjetninger og gjendrivelser», i *Fornuft og rimelighet som tenkemåte*, Dreyer 1981 [1957].

Popper, K.R.: «Bøtten og søkerlyset: to kunnskapsteorier», i *Fornuft og rimelighet som tenkemåte*, Dreyer 1981 [1974].

Popper, K.R.: *Conjectures and Refutations*, London: Routledge 1989.

Popper, K.R.: *The Logic Scientific Discovery*. London: Routledge 2002 [1959].

Salmon, W.C.: *Scientific Explanation and the Causal Structure of the World*. Princeton: Princeton University Press 1984.

Saussure, Ferdinand de: *Cours de linguistique générale*. Paris. Éditons Payot et Rivages 1967 [1916].